

Forskerne anbefaler

Følgende 9 råd er hentet fra rapporten "Når hornet er lagt på hylla" (side 84)

1. Styrk dirigentkompetansen

-særleg med tanke på arbeid med barn/unge og med positiv input til "uinspirerte/leie" dirigentar.

2. Anerkjenn individuelle behov / likestill individuelle kvalitetar med dei kollektive.

3. Set fokus på talenta!

La dei få opptre som solistar med korpset, møtast saman i ulike besetningar (gjerne som samarbeidsprosjekt mellom geografisk nærskyldde korps) eller send dei på regional, nasjonal eller internasjonal vidare- og etteropplæring/ Masterclasses.

4. Styrk den individuelle instrumentopplæringa

Ikkje la resursmangel gå ut over denne gruppa!

5. Underbygg og styrk mindre sosiale grupper (venegjengar) innan korpset.

Ikkje heile tida, men av og til. Stø slike grupper framfor å presse alle inn i ei form.

6. Finn og fokuser på gode førebilete, lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

7. Prioriter samlingar, konkurransar, regionkorps m.m.

- der unge kan samlast og dyrke, konsolidere felles interesser. Avliv myten om at korps ikkje er kult, eller berre er noko for spesielle folk!

8. Legg til rette for at dei unge kan prioritere skularbeid.

Samarbeid med andre fritidsaktivitetar for å gjere det fysisk mogleg for dei unge å vere aktivt tverrfaglege.

9. Vurder uniformsbruk/plikt. Særleg for tenåringsmedlemmer.